



## Saksframlegg

| Utval                 | Møtedato   | Utvalsak |
|-----------------------|------------|----------|
| Plan- og miljøutvalet | 27.08.2025 | 89/25    |

## Omorganisering av driftsassistansen i Telemark

### Vedlegg

- 1 Rapport Utredning alternative selskapsformer for driftsassistanse endelig.pdf
- 2 Vedtekter for Samvirkeforetaket - Driftsassistansen Telemark.pdf

### Dokument i saka

### Bakgrunn

Driftsassistansen i Telemark skal hjelpe kommunane med kompetanse innanfor drift av vatn- og avløpsanlegg og løyse lovpålagte oppgåver som akkreditert prøvetaking, rapportering til forureiningsmynde, prøvetakingsplanar med meir. Driftsassistansen blei etablert i 1977 for avløpsanlegg. I 1992 blei den utvida til også å omfatte vassbehandlingsanlegg. Alle kommunane i Telemark er med i driftsassistansen. Alle 17 kommunane er med innanfor avløpssektoren. Det er 16 av 17 kommunar som deltar innanfor vassforsyning.

Driftsassistansen har vore organisert med årsmøte som øvste organ og eit styre valt av årsmøte. Det er sju medlemmar i styret og dei er tilsett i vatn- og avløpsavdelingar i kommunane. Det er Sweco Norge AS avdeling Seljord som utfører den daglege drifta av driftsassistansen.

Driftsassistansen i Telemark fekk den 17.2.2022 brev frå Vestfold og Telemark revisjon IKS der dei spør om korleis organiseringa av kommunanes samarbeid om Driftsassistansen er tenkt løyst.

Dagens ordning tilfredsstillar ikkje kommunelovas krav til interkommunal organisering. Årsmøte i Driftsassistansen fatta i møte 5/4-2022 difor følgjande vedtak:

- *Årsmøte oppretter en arbeidsgruppe bestående av valgt styre og gir styret fullmakt til å innhente ekstern rådgiver som kan hjelpe styret til å finne forslag til organisering av Driftsassistansen.*

Styret for Driftsassistansen i Telemark i samarbeid med styret for driftsassistansen i Aust-Agder engasjerte KS-Konsulent AS til å komme med ei tilråding til korleis driftsassistansen bør organisere seg.

KS-Konsulent leverte ferdig rapport 24/3-2023. Rapporten drøftar ulike organisasjonsformer og fordelar og ulemper med desse. I samandraget i rapporten står det:

*«Tatt hensyn til antall deltakerkommuner, behov for fleksibilitet, at alle kommuner er likeverdige og effektivitet knyttet til deltakelse og oppgaver som skal løses vurderer vi det slik at **samvirkeforetaksmodellen er å anbefale.**»*

Vidare seier rapporten:

*«Samvirkeforetaksformen er velegnet når flere ønsker å løse en oppgave i fellesskap. Medlemmenes behov for samarbeid er viktigere enn at foretaket går med mest mulig overskudd. Alle medlemmene er likeverdige. Samvirkeforetaket er selvstendig rettssubjekt og kan ivareta også de økonomiske forpliktelsene til selskapet som i dag utføres av Midt Telemark kommune.*

*Modellen gi også god mulighet for eierstyring gjennom årsmøtet.*

*Det vil være betydelige muligheter for medlemmene gjennom årsmøtet å øve innflytelse over samvirkeforetakets virksomhet. Sammenholdt med at det i et samvirkeforetak er stor frihet til å fastsette hensiktsmessige ordninger i vedtektene, gir dette medlemmene stor innflytelse over virksomheten. Dette gjelder både ved etablering, og kontinuerlig styring. Selskapsformen er også fleksibel knyttet til inn og utmelding av medlemmer (kommuner). Denne organisasjonsformen vurderes også som lik den som driftsassistansene har i dag.»*

Styret har utarbeida forslag til vedtekter for Driftsassistansen i Telemark SA med bakgrunn i tilråding frå KS-Konsulent AS. Vedtektene er utarbeida for å tilfredsstille krava i lov om samvirkeforetak.

«Årsmøte» er føretakets øvste mynde. Årsmøte vel valkomité og styre. Styret har fem medlemmar og to møtande varamedlemmar. Det er tilsette innanfor vatn- og avløpsavdelingane i kommunane som skal veljast som styremedlemmar.

Styret overlèt dei administrative oppgåvene til eit sekretariat, jfr. § 13 i vedtektene. Sekretariatet vil typisk vere eit rådgjevande konsulentfirma. Styret er ansvarleg for å inngå kontrakt om sekretariatfunksjonen og følgje lov om offentlege anskaffingar.

### **Økonomi**

Driftsassistansen i Telemark SA skal hjelpe sine medlemskommunar med kompetanse innanfor drift av vatn- og avløpsanlegg. Føretaket har ikkje som mål å tene pengar men bør ha ein eigenkapital til å bere faste utgifter og mindre ekstraordinære kostnader. Føretakets eigenkapital bør vere på minimum 30 % av dei årlege utgiftene. Dagens driftsfond vert nytta til eigenkapital i nytt føretak.

Kommunane betalar sin kontingent slik det står i § 7 i vedtektene. Kontingenten vert dekt innanfor sjølvkostområda vatn og avløp.

## **Vurdering**

Vinje kommune er avhengig av Driftsassistansen i Telemark for å ivareta sine pliktar overfor statlege mynde innanfor vassforsyning og avløpshandtering. Driftsassistansen har kompetanse som kommunen ikkje har og ved å vere medlem i Driftsassistansen sikrar ein seg denne kompetansen.

KS-Konsulent AS har utarbeida ein rapport og kjem med ei klar tilråding om val av organisasjonsmodell. Samvirkeføretaksmodellen er den modellen som liknar mest på dagens organisering.

Vedtektene er godt gjennomarbeida. Advokat- og rådgjevingsfirmaet Deloitte har kontrollert vedtektene. Det har ikkje kome innspel til vedtektene frå kommunane etter ei høyringsrunde.

## **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak**

1. Vinje kommune vedtar framlegg til vedtekter for driftsassistansen i Telemark SA
2. Vinje kommune deltar i Driftsassistansen i Telemark SA
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å representere Vinje kommune på skipingsmøte for Driftsassistansen i Telemark SA.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å representere Vinje kommune på årsmøte i Driftsassistansen i Telemark SA.

## **Plan- og miljøutvalet si handsaming av sak 89/2025 i møtet den 27.08.2025**

### **Røysting**

Kommunedirektørens framlegg blei samrøystes vedteke

### **Vedtak**

1. Vinje kommune vedtar framlegg til vedtekter for driftsassistansen i Telemark SA
  2. Vinje kommune deltar i Driftsassistansen i Telemark SA
  3. Kommunedirektøren får fullmakt til å representere Vinje kommune på skipingsmøte for Driftsassistansen i Telemark SA.
  4. Kommunedirektøren får fullmakt til å representere Vinje kommune på årsmøte i Driftsassistansen i Telemark SA.
-